

## Nordafjølls

I Setesdal har dei eit spesielt felestille som heiter gorrlaus bas. Den djupaste strengen er stemt enda djupare, og dette gjev ein mystisk og nesten skummel klang, som er heilt særeigen for dette felestillet.

Det er ikkje mange slåttar på gorrlaus bas – dei mest kjende er nok Rameslåttane. Det er tre slåttar som spelar på alt den djupstemde stemninga byr på. Ein blir regelrett fanga av desse og historiene fortel at spelemenn verkeleg har kjempa seg gjennom dei. Ein blir så rive med at det kan vera vanskeleg å slutte dei av. Spelemenn spela seg opp i trance og det så skummet kunne stå av kjeften på dei hardast ramma. Meisterspelemannen Hallvard T. Bjørgum (f.1956) på Rysstad uttala ein gong at det burde vore 18-års aldersgrense på Rameslåttane.

Den som går for å vera den gjævaste av dei alle ber namnet Nordafjølls. Namnet Nordafjølls skriv seg frå ei dramatisk hending som råka ein Torjus Åmli (f. 1801) frå Valle. Han var ein evnerik mann og god spelemann. Så var han så forelska i ei jente som var så vakker at det gjekk gjetord om henne. Ho heitte Sigrid Tveiti. Dei to var i lag ei tid, men Sigrid hadde alt sidan ho var lita jente hatt eit godt auge til ein annan kar – Bjørgulv Upstad (1789-1866).

Bjørgulv var ei kjempe og bruka mesteparten av livet sitt på å måle krefter med andre. Han var uvanleg stor allereie som nyfødd. Da han kom til verden, sa faren: *"Dette vare a' følt menneskje."*

I heile oppveksten var han støre og sterkare enn sine jamnaldringar og som vaksen var det ingen som kunne måle seg med honom.

Bjørgulv var samtidig ein greileg kar i si framferd. Utsjåande hadde han også med seg og det så det muna. Det heitest at det aldri har stått så stram ein brudgom i Setesdal som Bjørgulv Upstad.

I fleire år reiste han berre rundt for å syne kor svær kar han var. Det gav status i den tida. Ein gong han ville til Austlandet for å prøve seg ropa dei til honom: *"Vend, Bjørguv; Austmennan drepe deg!"* Men Bjørgulv eigde ikkje frykt. Han svara: *"Ko aktar eg livet, mot eit stort namn og rykte?"*

Bjørgulv arbeidde ikkje så mykje – han var fødd beinsterk, trong ikkje slite for å halde kreftene ved like og trådde til berre når det verkeleg gjaldt. Da tok han hand om dei tyngste byrdene. Men han var flink til å sjå løysningar på problem i arbeid, og han gjekk mest rundt og kommandera andre og forklara korleis dei skulle gjera det.

Helst gjorde han seg reie til den neste kampen han hadde i tankane Da åt han den sterkaste maten der var. Kjøt var det einaste som dugde, og det skulle berre vera frå dei gjævaste verane.

Ein gong han planla å leite opp ein Ogmund Risøyne for å denge honom åt han tolv slike verar på ein vinter.

Bjørgulv dengde Ogmund og visst nok alle andre han kom utfor - stundom fleire i slengen. Så basera han heile livet sitt på dette; braut og sloss med dei som skulle vera dei gjævaste og gjorde karstykke så folk stod att som fjetra.

Som den gåverike og spreke kjempa han var, var han òg ein god dansar. Det gjorde honom ikkje mindre attraktiv blant jentene. Sigrid Tveiti såg ikkje på andre – og sjølv Bjørgulv greidde ikkje stå imot venleiken hennar. Dei fann kvarandre medan Sigrid framleis var i lag med spelemannen Torjus Åmli.

Far til Sigrid, lensmannen Olav Tveiti, lika ikkje at ho sveiv med Bjørgulv og han nekta henne dette. Men da rømde Bjørgulv avgarde med Sigrid.

Torjus Åmli fekk reie på dette og det stakk i hjarta hans.  
Han blei så skuffa og utav seg at han fekk hug til å drepe dei begge.  
Han visste vél at Bjørgulv var umogleg å taka for kven det var, men samtidig visste han at Bjørgulv hadde respekt for kniven. Når nokon trakk fram ein slik trekte også Uppstad'n seg. Torjus fann fram kniven og sette etter det forelska paret, med eitt einaste mål: Dei baa skulle få bøte med livet for denne ugjerninga mot hans kjensler.  
Han leita dei opp og reiv opp døra inn til stova dei var i. Da han kom inn, klar til hogg, låg Sigrid og Bjørgulv og sov i ei seng - fredfulle og uskuldige.  
Torjus smelta da. Han hadde aldri sett to menneskje som var så fine i hop.  
Han tenkte med sjølve seg at så fint eit par var det beint ut for gale å gjera ende på.  
Han snudde i døra og gjekk lydlaust ut.  
Men han sørgde framleis og hugsprengd av kjærleik reiste han opp i heia – til Skammevatt, og ville gjera ende på seg sjølv. Der kunne ein lenge sjå Torjus sitja ved vasskanten med eit intenst, men samtidig fjernt blick retta mot bylgjene.  
Rundt seg gådde han ikkje noko og alt han tenkte på var Sigrid Tveiti.  
Han ville ikkje leva meir når ho sveik honom. Alt han ville var å kaste seg ut i vatnet.  
Men brått tok han opp fela og sette seg til å spela den eine av Rameslåttane. Han trampa i vatnet, så det skvalpa kring føtene hans, og ein såg korleis det leita på honom medan han kjempa seg gjennom slåtten.  
Han spela og spela – som om han ikkje greidde slutte. Men plutseleg løfta han bogen frå strengene, pakka ned fela og vandra vekk frå det vatnet han nett hadde villa hivd seg uti.

Rameslåttan hadde berga honom og etter denne hendinga blei slåtten kalla Skammevatnslåtten, eller Nordafjølles.

Hallvard Rysstad i Setesdal bygde seinare denne ekstatiske gangaren om til ein lydarslått, og kalla han Domedagsslåtten. Gunnulf Borgen (1881-1953) i Bø lærde så denne av Rysstad, og tok han med seg til Telemark. Her blei han kalla Nordafjølles att og Eivind Mo (1904-1995) i Seljord spela denne etter honom.

Eivind sa at om han skulle velja ut ein slått han sette høgare enn nokon annan så var det Nordafjølles.

**Anbefala innspeling:**

- Nordafjølles (Domedagsslåtten): *Eivind Mo*: "Skumringstime" (MC, Buen Kulturverkstad, 1984)
- Nordafjølles (Rameslått): *Torleiv H. Bjørgum* "Skjoldmøyslaget" (SYLVCD1, Sylvartun Folkemusikk, 1990)

**Kjelder:**

- *Johannes Skar*: "Gamalt or Sætesdal" (Lokalhistorisk forlag, Espa 1997)
- Folketradisjon